



Utval: Valstyre for Nye Øygarden kommune
Stad: Skjenet 2, møterom i andre etasje
Dato: 28.03.2019
Tid: 09:00 – 09:30

Medlemer som møtte:

Marianne Sandahl Bjorøy	Leder	AP
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Kari-Anne Landro	Medlem	H
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
Ingrid Marie Toft	Medlem	H
Børge Haugetun	Medlem	TVØ

Forfall:

Espen Harkestad	Medlem	AP
Jogeir Sognnæs	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H

Varamedlemer som møtte:

May Elin Limevåg	Jogeir Sognnæs	For Sund
Silvia Haugland	Espen Harkestad	For Øygarden

Andre:

Møtesekretær Grethe Bergsvik

Marianne Sandahl Bjorøy

underskrifter

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 1/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 2/19	Delegering av styringsmakt frå valstyret
PS 3/19	Oppnemning av røystestyra - kommune- og fylkestingsvalet 2019
PS 4/19	Godtgjersle til medlemmer i røystestyra og valmedarbeidarar - kommune- og fylkestingsval 2019
PS 5/19	Ymse

PS 1/19 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

Handsama i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 28.03.2019:

Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok:

Innkalling, saksliste og møtebok vart godkjent.

Vedtak i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 28.03.2019:

Innkalling, saksliste og møtebok vart godkjent.

PS 2/19 Delegering av styringsmakt frå valstyret

Innstilling:

1. Valstyret gir *leiar av valstyret* mynde til å treffe avgjersler i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Valstyret gir *rådmannen* ansvar for den praktiske tilrettelegginga for gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019, i samråd med *leiar av valstyret*.
3. Valstyret gir *rådmannen* mynde til prøving og godkjenning av kurante / ikkje-prinsipielle førehandsrøystegjevingar og røystesetlar.

Straume, den 25.02.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Handsama i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 28.03.2019:

Prosjektrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 28.03.2019:

1. Valstyret gir *leiar av valstyret* mynde til å treffe avgjersler i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell karakter.
2. Valstyret gir *rådmannen* ansvar for den praktiske tilrettelegginga for gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019, i samråd med *leiar av valstyret*.
3. Valstyret gir *rådmannen* mynde til prøving og godkjenning av kurante / ikkje-prinsipielle førehandsrøystegjevingar og røystesetlar.

PS 3/19 Oppnemning av røystestyra - kommune- og fylkestingsvalet 2019

Innstilling:

Valstyret godkjenner framlegget til røystestyre for valkrinsane i nye Øygarden kommune, med følgjande endringar:

-

Delegasjon til prosjektrådmannen:

- Mynde til å rekruttere manglande medlemmer til røystestyra og nye medlemmer dersom valde medlemmer får fritak etter søknad.
- Mynde til å behandle søknadar om fritak frå verv i røystestyra, i samsvar med kommunelova sine føresegner.
- Mynde til å rekruttere valmedarbeidarar.

Straume, den 28.02.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Handsama i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 28.03.2019:

Fellesframlegg frå valstyret om følgjande kandidatar til krinsane Ågotnes og Foldnes:

- Ågotnes: Lars Magne Landro, Gunn Glimsdal og Odd Valvatne
- Foldnes: Tone Bubandt

Rådmannen si innstilling og fellesframlegget vart **samrøystes** vedteken.

Vedtak i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 28.03.2019:

Valstyret godkjenner framlegget til røystestyre for valkrinsane i nye Øygarden kommune, med følgjande forslag til kandidatar til krinsane Ågotnes og Foldnes:

- Ågotnes: Lars Magne Landro, Gunn Glimsdal og Odd Arvid Valvatne
- Foldnes: Tone Bubandt

Delegasjon til prosjektrådmannen:

- Mynde til å rekruttere manglande medlemmer til røystestyra og nye medlemmer dersom valde medlemmer får fritak etter søknad.
- Mynde til å behandle søknadar om fritak frå verv i røystestyra, i samsvar med kommunelova sine føresegner.
- Mynde til å rekruttere valmedarbeidarar.

PS 4/19 Godtgjersle til medlemer i røystestyra og valmedarbeidarar - kommune- og fylkestingsval 2019

Innstilling:

1. Godtgjersle til medlemer i røystestyra og valmedarbeidar vert sett til kr pr time.
2. Leiar i røystestyret får eit leiartillegg på kr
3. Deltaking i obligatorisk opplæring vert godtgjort med kr som eingongsutbetaling.
4. Deltaking i oppsett av utstyr og klargjering av vallokalet før valdagen vert godtgjort med kr som eingongsutbetaling.
5. Administrativt tilsette som arbeider på valnatta får ei godtgjering på kr pr time. Det vert ikkje betalt løn i tillegg for desse timane.

Straume, den 18.03.2019

Rune Lid
Prosjektrådmann

Grethe Bergsvik
Valansvarleg

Handsama i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 28.03.2019:

Framlegg frå Silva Haugland om at siste setning i første avsnitt under *Vurdering* vert slik:
Det vert tilrådd at kommunalt tilsette kan få fri med løn.

Framlegg frå Kari-Anne Landro om å nytte satsane i **alternativ 1** til godtgjersle for valarbeid på valdagen 2019.

Begge framlegga vart samrøystes vedtekne.

Vedtak i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 28.03.2019:

1. Godtgjersle til medlemer i røystestyra og valmedarbeidar vert sett til kr 225 pr time.
2. Leiar i røystestyret får eit leiartillegg på kr 750.
3. Deltaking i obligatorisk opplæring vert godtgjort med kr 500 som eingongsutbetaling.

4. Deltaking i oppsett av utstyr og klargjering av vallokalet før valdagen vert godtgjort med kr 500 som eingongsutbetaling.
5. Administrativt tilsette som arbeider på valnatta får ei godtgjering på kr 600 pr time. Det vert ikkje betalt løn i tillegg for desse timane.

PS 5/19 Ymse

Handsama i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 28.03.2019:

Møtesekretær ville at valstyret skulle drøfte og ta stilling til følgjande punkt i det som vert kalla partiservice:

Tal gratis stemmesetlar til bruk i partia sin valkamp.

Valstyret er oppteken av at det vert høv valdeltaking og ville ikkje at det skulle setjast noko tak på kor mange stemmesetlar kvart parti kunne få gratis. Det skal vere opp til partia sjølve korleis dei ønskjer å drive valkampen sin.

Valstyret var samrøystes på at det ikkje vert sett noko tak på kor mange stemmesetlar kvart parti kan bestille gratis til bruk i valkampen før kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019.

Vedtak i Valstyre for Nye Øygarden kommune - 28.03.2019:

Det vert ikkje sett noko tak på kor mange stemmesetlar kvart parti kan bestille gratis til bruk i valkampen før kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019.